

Rosendal på veg mot finale

21.10.2011



Rosendals jentelag av 16-åringar er på veg mot kretsfinale etter å ha vunne puljesiger. I dag vann dei 11-2 over Trio eter å ha slege Arna-Bjørnar 8-0 onsdag kveld og hadde ein målskilnad på 23 plussmål før i dag. No har dei 2 kampar att, men veit førebels ikkje kven dei skal møte til slutt i år.

I dagens kamp var Uskedalen solid representert sjølv om den store målscorar Ingebjørg Haugland (biletet) ikkje deltok.

På laget såg ein Anne Marthe Zimmer, Kari Bråtun, Katrine Yri Røssland og Karoline Amundsen.

Måla i dag vart sett inn av Julie Olsen (4), Tina Skår (4), Amalie Helleland, Ragnela Pedersen og Gina Albrethson - dei 3 siste 1 mål kvar.